

Ylva Lohne og Helge Nome Næsheim

Eldre i arbeidslivet

Rapporter

I denne serien publiseres statistiske analyser, metode- og modellbeskrivelser fra de enkelte forsknings- og statistikkområder. Også resultater av ulike enkeltundersøkelser publiseres her, oftest med utfyllende kommentarer og analyser.

Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the various research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, mars 2006
Ved bruk av materiale fra denne publikasjonen,
vennligst oppgi Statistisk sentralbyrå som kilde.

ISBN 82-537-6955-5 Trykt versjon
ISBN 82-537-6956-3 Elektronisk versjon
ISSN 0806-2056

Emnegruppe

06

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Statistisk sentralbyrå/213

Standardtegn i tabeller	Symbols in tables	Symbol
Tall kan ikke forekomme	Category not applicable	.
Oppgave mangler	Data not available	..
Oppgave mangler foreløpig	Data not yet available	...
Tall kan ikke offentliggjøres	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte enheten	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte enheten	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Foreløpig tall	Provisional or preliminary figure	*
Brudd i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brudd i den vannrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskilletegn	Decimal punctuation mark	,(,)

Samandrag

Ylva Lohne og Helge Nome Næsheim

Eldre i arbeidslivet

Rapporter 2006/9 • Statistisk sentralbyrå 2006

I 2005 arrangerte Arbeids- og sosialdepartementet eit seminar i samanheng med utarbeiding av ei melding om seniorpolitikk. Rapporten byggjer på eit foredrag frå dette seminaret, som skulle gi departementet grunnleggjande informasjon om arbeidsmarknaden for eldre, - både eit situasjonsbilete og ei kartlegging av utviklingstrekk i yrkesdeltakinga.

Rapporten skildrar yrkesdeltakinga i aldersgruppa 55-74 år frå 1972 til 2004. Dette blir sett i samanheng med korleis storleiken på aldersgruppa har endra seg over tid. For 2004 er det ei kortfatta, men brei skildring av sysselsetjing og ønske om arbeid blant eldre.

Rapporten bruker hovudsakleg Arbeidskraftundersøkingane (AKU) som datakjelde. AKU er basert på intervju av eit representativt utval av befolkninga. I tillegg blir også registerbasert sysselsetjingsstatistikk brukt som kjelde for detaljerte tal.

Yrkesdeltakinga blant menn, 55-74 år, har gått ned frå 1972 til 2004. Nedgangen var størst fram mot midten på 1990-talet. For eldre kvinner syner yrkesdeltakinga tvert imot ein viss auke. Fordi talet på eldre i befolkninga har vakse mykje dei siste åra, er det i dag om lag like mange eldre på arbeidsmarknaden som i 1972.

Noreg har i forhold til folketalet mange eldre i arbeid, samanlikna med andre europeiske land. Om lag 65 prosent av alle personar i alderen 55-64 år var sysselsette i 2004, jamført med eit gjennomsnitt i EU på 40 prosent.

Yrkesdeltakinga går gradvis ned frå 55 år, men fell først markert frå 61 år, syner tal for 2004. Utdanning betyr mykje for yrkesdeltakinga i heile aldersspennet, men er særleg viktig for dei som nærmar seg pensjonsalderen. Arbeidstida går også først markert ned for dei som er passert 60 år. Mange eldre arbeider deltid. Når ein jamfører med sysselsette under 55 år er det særleg blant eldre menn at deltidsprosenten er høg.

Store næringar med relativt mange eldre sysselsette er jordbruk, undervisning, forlag/grafisk industri og møbelindustri. Typiske yrker med ein høg del eldre er forutan jordbruk og undervisning, kontor- og leiaryrke.

Mange eldre er framleis aktive på arbeidsmarknaden i forhold til kursdeltaking. Utdanningsnivå betyr meir enn alder når det gjeld deltaking på kurs. Eldre sluttar ikkje å bytte jobb, men det er noko færre som gjer det. Medan 9 prosent av alle som var sysselsette i november 2002 og i november 2003 gjekk frå eit føretak til eit anna, var talet 5 prosent for dei mellom 55-59 år og 4 prosent for dei mellom 60-66 år.

Prosjektstøtte: Arbeidet er utført som eit oppdrag for Arbeids- og sosialdepartementet.

Innhold

1. Innleiing	7
2. Val av datakjelder	8
2.1. Avgrensingar og definisjonar	8
2.2. Referanseperiode og tidsserie	8
3. Dei eldre i arbeidslivet - mønster og utviklingstrekk	9
3.1. Sysselsetjing	9
3.2. Utdanning	9
3.3. Utvikling i yrkesdeltaking over tid	10
3.4. Arbeidsløyse blant eldre	12
3.5. Eldre utanfor arbeidsstyrken	12
4. Nærare om dei eldre sysselsette	14
4.1. Arbeidstid.....	14
4.2. Kvar arbeider dei?	15
4.3. Sysselsetjing blant eldre innvandrarar	18
4.4. Eldre som aktive arbeidstakarar	18
Vedlegg	
Spørsmål om hovudsakleg verksemd AKU 1972 og 2004.....	20
Tidligere utgitt på emneområdet	21
De sist utgitte publikasjonene i serien Rapporter	22

Figurregister

3. Dei eldre i arbeidslivet - mønster og utviklingstrekk

3.1. Sysselsatte i alderen 55-64 år. Prosent av alle personar i alderen 55-64 år. 2004	9
3.2. Sysselsatte menn etter alder og utdanning. Prosent av alle personar i kvar gruppe. 4. kvartal 2004	10
3.3. Sysselsatte kvinner etter alder og utdanning. Prosent av alle personar i kvar gruppe. 4. kvartal 2004.....	10
3.4. Personar i arbeidsstyrken i alderen 55-74 år, etter kjønn. 1 000. Årsgjennomsnitt. 1972-2004.....	11
3.5. Personar i arbeidsstyrken i alderen 55 -74 år, etter kjønn. Prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 1972-2004.....	11
3.6. Befolkningssmengd etter eittårige aldersgrupper, 10-75 år. Absolutte tal. 1986 og 2005	11
3.7. Sysselsatte etter eittårige aldersgrupper (45-74 år) og kjønn. Prosent av personar i alt. 4. kvartal 2000 og 2004	11
3.8. Arbeidslause i prosent av arbeidsstyrken i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 1975-2004.....	12

4. Nærare om dei eldre sysselsatte

4.1. Faktisk arbeidstid etter kjønn og alder. Timer pr. uke. 1. kvartal 2004	14
4.2. Tapte dagsverk på grunn av legemeldt sjukefråvær etter alder og kjønn. Prosent av avtalte dagsverk 4. kvartal 2004	15
4.3. Sysselsatte som har delteke på kurs o.l. etter utdanning og alder. Prosent. 2. kvartal 2004.....	18

Tabellregister

3. Dei eldre i arbeidslivet - mønster og utviklingstrekk

3.1. Sysselsatte etter kjønn og alder. Prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 1989, 1994, 1999, 2002 og 2004	9
3.2. Personar i arbeidsstyrken etter alder, kjønn og utdanningsnivå. Prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt 2004	10
3.3. Ikkje-sysselsatte etter ønske om arbeid, og under- sysselsatte etter alder. 1 000. Årsgjennomsnitt 2004.....	12
3.4. Menn 55-74 år, etter alder og hovudsakelig verksemd. I prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt 1972 og 2004.....	13
3.5. Kvinner, 55-74 år, etter alder og hovudsakelig verksemd. I prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt 1972 og 2004.....	13

4. Nærare om dei eldre sysselsatte.....14

4.1. Sysselsatte etter avtalt arbeidstid, alder og kjønn. Prosent av alle sysselsatte i kvar gruppe, og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004	14
4.2. Deltidssysselsatte etter alder og kjønn. Prosent av alle sysselsatte i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 2004.....	15
4.3. Sysselsatte etter midletidig fråvær, årsak til fråvær og alder. Prosent av alle sysselsatte i kvar gruppe, og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004.....	15
4.4. Sysselsatte etter alder, kjønn og næring. Prosent og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004.	16
4.5. Sysselsatte etter alder, kjønn og yrke. Prosent og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004	17
4.6. Sjølvstendig næringsdrivande etter alder og kjønn. Årsgjennomsnitt 2004. 1 000	17
4.7. Sjølvstendige næringsdrivande 55-74 år etter yrke. Prosent og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004.....	18
4.8. Sysselsatte førstegenerasjonsinnvandrarar etter alder, landbakgrunn og generasjon. Prosent og absolutte tal. 4. kvartal 2004.....	18
4.9. Sysselsatte med status året etter. Prosent og absolutte tal. 2002 og 2003	19

1. Innleiing

Denne rapporten skildrar arbeidsmarknaden for personar i alderen 55-74 år. Vi vil både syne ei oversikt over situasjonen i 2005, og sjå på utviklinga over tid når det gjeld yrkesdeltaking. Rapporten tek utgangspunkt i eit foredrag som blei halde i Arbeids- og sosialdepartementet i april 2004. Rapporten har difor eit noko avgrensa ambisjonsnivå når det gjeld omfang, men inneheld fordeling på ein del fleire kjenneteikn enn det som blei lagt fram i foredraget.

2. Val av datakjelder

Vi har i hovudsak valt å nytte data frå Arbeidskraftsundersøkingane (AKU) til Statistisk sentralbyrå (SSB). AKU er ei god datakjelde fordi den dekkjer befolkninga i alderen 16-74 år, har eit svært stort utval til å vere utvalsundersøking og gjev ei brei skildring av både sysselsetjing, arbeidsløyse og arbeidstid.

AKU blir gjennomført kvar veke ved at eit utval på om lag 2 000 personar blir intervjua om si tilknytning til arbeidsmarknaden i ei referanseveke. Alle vekene i året blir kartlagde, men for dei enkelte intervjuobjekta er det situasjonen i ei bestemt veke opplysningane refererer seg til. Kvar enkelt er med i AKU åtte gonger i åtte påfølgjande kvartal. Fordi AKU er ei utvalsundersøking, er det statistisk varians og dermed noko uvisse forbunde med tala (månadstal blir ikkje publiserte, berre kvartalstal og årsgjennomsnitt).

Den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken er ei totalteljing basert på administrative registre, og kan difor også gi tal for små grupper, t.d. sysselsetjingsprosenten for eittårige aldersgrupper. Denne statistikken gjev også tal for avtalt arbeidstid, men med ei mindre presis avgrensing av deltid og heiltid enn AKU, og har dessutan færre kjenneteikn.

2.1. Avgrensingar og definisjonar

I denne rapporten avgrensar vi eldre til dei som er 55-74 år. 55 år er valt som nedre grense fordi dette er ein alder då sysselsetjingsprosenten byrjar å gå ned. AKU har 74 år som øvre grense. Der det er naturleg jamfører vi tilpassinga til dei eldre på arbeidsmarknaden med tilpassinga til alle vaksne 25-74 år.

Sysselsette er personar som utførte inntektsgivande arbeid i minst ein time i undersøkingsveka. Grappa omfattar også dei som har eit slikt arbeid, men som var mellombels fråverande på grunn av sjukdom, ferie, permisjon eller liknande. Både lønnstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og familiararbeidskraft inngår i denne grappa.

Arbeidsstyrken er summen av dei sysselsette og dei arbeidslause (blir ofte omtala som dei yrkesaktive).

Deltidsarbeidande er i AKU definert som sysselsette med ei avtalt arbeidstid på under 37 timar i veka, med unntak av dei med 32-36 timar som gjev opp at dette utgjer heiltid. For personar som ikkje har noko avtalt arbeidstid, til dømes sjølvstendig næringsdrivande, blir den vanlege arbeidstida kvar veke nytta i staden.

I AKU brukar ein omgrepet *undersysselsette* om deltidssysselsette som har prøvd å få lengre arbeidstid, og som kan begynne med dette på ein månad. Kravet om at ein er ein aktiv og tilgjengeleg søkjar er det same type kriterium som blir nytta ved måling av arbeidsløyse. Undersysselsette kan difor seiast å vere personar som er delvis arbeidslause.

2.2. Referanseperiode og tidsserie

I AKU blir arbeidsmarknadstilknytning målt i forhold til ei bestemt veke. Dette kallar vi referanseveka, og intervjuobjekta blir kontakta like etter utløpet av denne. Utvalet er likevel fordelt utover alle vekene i året, slik at ein får gjennomsnittstal for kvartal/år som er representative.

Her brukar vi årsgjennomsnitt for 2004 som utgangspunkt for skildring av situasjonen for eldre yrkesaktive. I tillegg vil vi sjå på utviklinga for åra 1972 til 2004, når det gjeld yrkesdeltaking.

3. Dei eldre i arbeidslivet - mønster og utviklingstrekk

3.1. Sysselsetjing


3.1.1. Status for dei eldre på arbeidsmarknaden i 2004

400 000 personar i alderen 55-74 år var sysselsette ifølgje AKU i 2004. Dette var 47 prosent av alle personar i denne aldersgruppa. For aldersgruppa 25-74 år var sysselsetjingsprosenten 84 prosent. Samanlikna med andre europeiske land ligg Noreg tredje høgast når det gjeld sysselsetjing blant eldre, sjå figuren under. Eurostat (EUs statistiske kontor) nyttar ei øvre aldersgrense på 64 år.

For menn i alderen 55-74 år var sysselsetjingsprosenten 52 prosent, medan den for kvinner var 42 prosent i 2004. Skilnaden i yrkesdeltakinga mellom kjønna har samla sett blitt mykje mindre dei siste tiåra. Dette kjem av vekst i yrkesdeltakinga blant kvinner over lengre tid. Skilnaden mellom kvinner og menn si yrkesdeltaking har minka frå om lag 28 prosentpoeng i 1980 til 8 prosentpoeng 2004. Men reduksjonen har vore størst blant dei eldste (60 år og over). Det kjem nye årskull med kvinner over 55 år med både høgare utdanning og høgare yrkesdeltaking enn tidlegare.

Tabell 3.1 syner skilnaden mellom menn og kvinner si yrkesdeltaking i prosentpoeng over tid, og etter aldersgrupper. Prosentdifferansen er blitt tilnærma halvert frå slutten av 1980-talet og fram til i dag for alle aldersgruppene.

Figur 3.1. Sysselsette i alderen 55-64 år. Prosent av alle personar i alderen 55-64 år. 2004



Kjelde: Labour Force Survey, Eurostat.

3.2. Utdanning

Utdanning har mykje å seie for kva slags arbeid det er mogleg å få. Låg utdanning vil i større grad enn høg utdanning gi låglønte og rutineprega jobbar, som kan gi større belastningar. Data våre viser at personar med høg utdanning er gjennomgåande meir yrkesaktive enn personar med låg utdanning, særleg i åra før pensjonsalder.

Tabell 3.1. Sysselsette etter kjønn og alder. Prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 1989, 1994, 1999, 2002 og 2004

Kjønn Alder	Menn					Kvinner				
	1989	1994	1999	2002	2004	1989	1994	1999	2002	2004
I alt	73	70	75	74	73	59	60	67	67	66
30-49 år	91	89	91	90	88	78	79	83	82	81
50-54 år	88	85	88	87	86	74	74	79	80	80
55-61 år	80	78	81	81	80	60	61	69	71	69
62-66 år	55	48	45	45	48	35	37	33	37	39
67-74 år	16	11	9	10	12	7	5	6	7	7

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

3.2.1. Utdanning er særleg viktig for yrkesdeltakinga hos kvinner


For kvinner har utdanning markert effekt på yrkesaktiviteten i alle aldre, ifølgje tabell 3.2. Skilnadene mellom utdanningsgruppene aukar dessutan frå 55 år. For kvinner i aldersgruppa 55-59 år med ungdomsskole er berre litt over halvparten i arbeidsstyrken, samanlikna med 90 prosent av kvinner med universitets- eller høgskoleutdanning.

Menn med utdanning på universitets- eller høgskolenivå har langt høgare yrkesaktivitet enn dei med lågare utdanning. Dette gjeld særleg for dei over 60 år. Her blir heile arbeidsstyrken omtala, det vil seie summen av sysselsette og arbeidslause. Det er likevel svært lita arbeidsløyse i dei eldste aldersgruppene.

Også ifølgje registerstatistikken har utdanning større effekt på yrkesdeltaking for kvinner enn for menn, sjå figurane 3.2 og 3.3. Den største ulikskapen mellom utdanningsgruppene for kvinner er i alderen 50 til 62 år. Yrkesdeltakinga blir redusert frå 50 år for kvinner utan utdanning, mens den held seg stabil til i overkant av 55 år for kvinner med høgaste utdanning. For kvinner over 55 år går yrkesdeltakinga gradvis ned, men mest for dei med låg utdanning. Frå 62 år fell sysselsettingskurven kraftig for alle utdanningsgruppene, og skilnadene blir utjamna frå 70 år.


Utdanning påverkar også yrkesdeltakinga til menn, sjølv om skilnadene ikkje er så store som for kvinner. Yrkesaktiviteten held seg stabil noko lengre for menn med universitets- og høgskoleutdanning, før kurvene fell markert for alle gruppene ved 62 år. Det ser vidare ut til at blant menn over 62 år er det noko høgare yrkesaktivitet blant dei med høg utdanning. Denne skilnaden gjeld også for dei aller eldste.

Figur 3.2. Sysselsette menn etter alder og utdanning. Prosent av alle personar i kvar gruppe. 4. kvartal 2004



Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, SSB.

Figur 3.3. Sysselsette kvinner etter alder og utdanning. Prosent av alle personar i kvar gruppe. 4. kvartal 2004



Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, SSB.

Tabell 3.2. Personar i arbeidsstyrken etter alder, kjønn og utdanningsnivå. Prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt 2004

Alders-gruppe	Menn			Kvinner		
	Ung-doms-skole	Vidare-gående skole	Uni-versitet/høgskole	Ung-doms-skole	Vidare-gående skole	Uni-versitet/høgskole
40-44	82	92	96	71	83	93
45-49	80	91	95	69	82	94
50-54	78	87	97	59	82	92
55-59	68	81	93	54	71	90
60-64	49	62	81	37	54	72
65-66	24	33	60	17	36	48
67-69	6	23	35	6	17	11

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.


3.3. Utvikling i yrkesdeltaking over tid

Talet på eldre personar i arbeidsstyrken har svinga over tid. Figur 3.4 viser at det har vore sterk vekst dei siste åra av yrkesaktive personar i alderen 55-74 år. Talet på eldre i arbeidsstyrken i 2004 var på nivå med 1978, og det høgaste sidan arbeidskraftundersøkingane starta i 1972. I 1994 var talet på eldre i arbeidsstyrken på det lågaste i perioden. I avsnitt 3.5 ser vi korleis endringane i arbeidsstyrken for eldre motsvaras av endringar i status som førtidspensjonert og liknande.

Mykje av dette biletet heng saman med store endringar i folkemengda. Når ein ser på delen eldre som er yrkesaktive, får ein teke omsyn til ein del av verknadene av at talet på eldre skiftar over tid. Av figur 3.5 ser ein at delen eldre i arbeidsstyrken i 2004, på ingen måte ligg høgast i perioden 1972 til 2004. Yrkesdeltakinga var høgast i 1972 og fall så fram til midten på 1990-talet då den tok til å auke fram til 2004. I


første halvdel av 1990-talet var det lågkonjunktur i Noreg og det forklarar noka av utviklinga. Men det er også slik at skifte i alderssamansetninga av folke- mengda betyr mykje. Særleg gjeld dette utviklinga etter 2000. Årskulla fødte like etter 2. verdskrigen er mykje større enn dei fødte i åra før. Dette kan ein sjå i figur 3.6. Etter 2000 kjem dei store årskulla etter krigen inn i aldersgruppa over 55 år. Det gjer at aldersgruppa 55-74 år får ein mykje høgare del i den nedre delen av aldersgruppa. Sidan yrkesdeltakinga fell med høgare alder, gjev dette i seg sjølv ein vekst i den samla yrkesprosenten for aldersgruppa 55-74 år.

Figur 3.4. Personar i arbeidsstyrken i alderen 55-74 år, etter kjønn. 1 000. Årsgjennomsnitt. 1972-2004



Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Figur 3.5. Personar i arbeidsstyrken i alderen 55-74 år, etter kjønn. Prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 1972-2004




Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Sidan ein på få år har så store skifte i fødselskull, har vi framstilt sysselsetjingsprosenten for eittårige alders- grupper frå den registerbaserte sysselsetjings- statistikken, sjå figur 3.6.


Arbeidsløysa for personar 55-74 år er relativt låg, slik at sysselsetjingsprosenten gjev eit godt uttrykk også for yrkesprosenten. Figur 3.7 viser at sysselsetjings- prosenten for menn har gått noko ned frå 2000 til 2004, blant 55-58-åringane, medan den har auka for dei aller eldste. For kvinner i alderen 58 år og over, har sysselsetjinga gått opp i alle alderskulla.

Figur 3.6. Befolkningsmengd etter eittårige aldersgrupper, 10-75 år. Absolutte tal. 1986 og 2005



Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk. SSB

Figur 3.7. Sysselsette etter eittårige aldersgrupper (45-74 år) og kjønn. Prosent av personar i alt. 4. kvartal 2000 og 2004



Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, SSB.

For eldre kvinner heng høgare sysselsetjingsprosent saman med ein langssiktig trend. Yngre fødselskull har i mange år hatt ei høgare yrkesdeltaking enn eldre fødselskull på dei ulike alderstrinna. Det at sysselsetjingsprosenten for dei eldste årskulla aukar (66 år og over) er eit interessant trekk ved utviklinga. Særleg sidan dei store fødselskulla etter krigen no snart passerer 60 år. Dette er ein alder då yrkesdeltakinga tidlegare har falle sterkt. Om fallet i yrkesdeltakinga framover kan bli noko mindre enn i tidlegare år, kan dette redusere litt av den store avgangen ein elles får frå arbeidsmarknaden.

Når vi no finn teikn til auke i sysselsetjingsprosenten for dei aller eldste heng dette saman med vekst i utdanningsnivået. Yngre fødselskull har jamt over høgare utdanning enn eldre, og yrkesdeltakinga stig med lengda på utdanninga. Figur 3.2 og tabell 3.2 syner sysselsetjingsprosenten for eittårige aldersgrupper etter utdanningsnivå for menn og kvinner i 2004.

3.4. Arbeidsløysa blant eldre


Arbeidsløysa for personar i alderen 55-74 år er relativt låg i forhold til personar elles. Dette er dei offisielle tala på arbeidsløysa. Frå AKU kan ein også få eit breiare bilete av kva folk ønskjer om arbeid.

I AKU blir alle ikkje-sysselsette spurde om dei ønskjer eit inntektsgivande arbeid. I tabell 3.3 er dei arbeidsløysa saman med personar utanfor arbeidsstyrken slått saman til ikkje-sysselsette. Av dei 27 000 personane i alderen 55-74 år som ønskte arbeid i 2004, blei 6 000 definerte som arbeidsløysa. I alderen 40-54 år var det 54 000 som ønskte arbeid og 24 000 arbeidsløysa. Avstanden mellom dei som ønskte arbeid og dei som var arbeidsløysa er større i gruppa 55-74 år enn i gruppa 40-54 år. 22 prosent av dei eldre som ønskjer arbeid er definerte som arbeidsløysa samanlikna med 44 prosent av dei middelaldrande.

Dette kan vere ein indikasjon på at dei som er over 55 år og som ønskjer arbeid, har ein høgare terskel for å vere aktive når det gjeld å søkje arbeid, enn dei som er noko yngre. Dette kan igjen hengje saman med manglande tru og/eller erfaring med at dei er etterspurde på arbeidsmarknaden.

Undersysselsette kan seiast å vere personar som er delvis arbeidsløysa, det vil seie at personane er i deltidssjabb, men ønskjer lengre arbeidstid. I AKU spør vi alle deltidssysselsette om dei ønskjer, og har prøvd å få lengre arbeidstid. 7 000 i alderen 55-74 år er undersysselsette, mot 30 000 av dei alderen 40-54 år. Dette er etter tur 6 og 16 prosent av deltidssysselsette i same aldersgruppe.

Figur 3.8. Arbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 1975-2004



Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Tabell 3.3. Ikkje-sysselsette etter ønske om arbeid, og undersysselsette etter alder. 1 000. Årsgjennomsnitt 2004

	40-54 år	55-74 år
Ikkje sysselsett	150	451
Ønskjer arbeid	54	27
Arbeidsløysa	24	6
Ikkje søkt siste fire veker	27	21
Viktigaste grunn til ikkje å søkje:		
- dårleg helse	11	11
- ikkje passande arbeid	3	3
- omsorgsoppgåver	2	1
- andre grunnar og uoppgitt	11	6
Undersysselsette*	30	7

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB

3.5. Eldre utanfor arbeidsstyrken

Vi har tidlegare vist at delen i arbeidsstyrken har auka klårt for kvinner og gått noko ned for menn frå 1972 til 2004. Kva er så status til dei som er utanfor arbeidsstyrken?

I AKU spør vi alle utanfor arbeidsstyrken om kva dei meiner er deira "hovudsaklege verksemd". Både måten vi spør på og svaralternativa har blitt noko endra sidan 1972. Vidare blir det i intervjuet ikkje gitt nokon definisjon av hovudsakleg verksemd, men intervjuaren les opp svaralternativa. Intervjuobjektet kan berre nytte eitt svaralternativ sjølv om dei fleste vil vere i ein situasjon slik at fleire svaralternativ vil vere aktuelle. Svarfordelinga vil difor ha preg av å vere subjektivt bestemt. I vedlegg 1. er det ei oversikt over spørsmål og svaralternativ i 1972 og 2004.

* Undersysselsette er deltidssysselsette som har prøvd å få lengre arbeidstid.

Ved ei viss omgruppering av svaralternativa kan ein likevel få ei grov oversikt over endringane på dette området. Utviklinga har vore svært ulik for kvinner og menn.

For menn har det vore ein klår auke blant dei som svarar at dei er pensjonistar (tabell 3.4). For aldersgruppene 65-69 år og 70-74 år gjaldt dette alderspensjon, medan det for dei i alderen 55-64 år gjaldt førtids-/uførepensjon.

For kvinner speglar tala i tabell 3.5 dei store endringane i samfunnet frå 1972 til 2004, når det gjeld oppfatninga av kva det vil seie å vere heimearbeidande og yrkesaktiv. Dei som svarar "heimearbeidande" har gått ned frå med om lag 40 prosentpoeng blant kvinner 55-74 år, i perioden. Tidlegare blei det å ta seg av heimen sett på som ein venta aktivitet for kvinner med barn. Det gav ein identitet på linje med å ha eit inn-tekstgjevande arbeid. I dag er forventingane meir

knytte til yrkesaktivitet også i småbarnsperioden, med lengre svangerskapspermisjonar og nesten full barnehagedekning. Men noko av endringa kan også kome av ei ny utforming av spørsmål og svaralternativ. I 1972 var spørsmålet slik: "Hva gjorde De hovedsakelig i forrige uke? I 2004 var det slik: "Betrakter du deg hovedsakelig som...". Svaralternativa har også blitt endra i denne perioden, og det gjeld særleg alternativet som i 1972 var "utførte husarbeid hjemme" som i 2004 var blitt til "hjemmearbeidende".

Nedgangen i delen kvinner som svarar at dei er heimearbeidande motsvares av at langt fleire er i arbeidsstyrken i aldersgruppene 55-59 og 60-64 år. Men det er også ein vekst i dei som svarar "førtidspensjonert/ufør" i desse aldersgruppene. For dei eldste kvinnene 65-74 år er det nedgang også i delen som er i arbeidsstyrken. Her er det særleg auke blant dei som svarar "alderspensjonist".

Tabell 3.4. Menn 55-74 år, etter alder og hovudsakelig verksemd. I prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt 1972 og 2004

Prosent av befolkningen	Menn							
	55-59 år		60-64 år		65-69 år		70-74 år	
	1972	2004	1972	2004	1972	2004	1972	2004
I alt	100	100	100	100	100	100	100	100
I arbeidsstyrken	88	81	79	64	59	27	23	6
Utanfor arbeidsstyrken	12	19	21	36	41	73	77	94
Av dette:								
Under utdanning	0	0	0	0	0	0	0	1
Hjemmearbeidande	1	0	1	0	2	0	2	0
Førtidspensjonistar og uføre	10	15	16	31	24	30	17	4
Alderspensjonistar	0	0	3	3	13	42	58	88
Anna	0	2	1	1	2	1	0	0

Tabell 3.5. Kvinner, 55-74 år, etter alder og hovudsakelig verksemd. I prosent av alle personar i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt 1972 og 2004

Prosent av befolkningen	Kvinner							
	55-59 år		60-64 år		65-69 år		70-74 år	
	1972	2004	1972	2004	1972	2004	1972	2004
I alt	100	100	100	100	100	100	100	100
I arbeidsstyrken	46	71	38	52	23	19	10	3
Utanfor arbeidsstyrken	54	29	62	48	77	81	90	97
Av dette:								
Under utdanning	0	0	0	0	0	0	0	1
Hjemmearbeidande	42	5	46	9	50	6	46	2
Førtidspensjonistar og uføre	11	21	14	35	18	28	14	7
Alderspensjonistar	1	0	2	1	9	45	30	86
Anna	0	2	0	2	0	1	0	0

4. Nærare om dei eldre sysselsette

4.1. Arbeidstid

4.1.1. Faktisk arbeidstid

Figur 4.1 viser at faktisk utført arbeidstid i veka er noko lågare for aldersgruppa 50-59 samanlikna med dei som er yngre. Først for gruppa 60-66 år går arbeidstida klårt ned. Faktisk utført arbeidstid blir i arbeidskraftundersøkinga definert som talet på timeverk som ein person har utført i undersøkingsveka. Mellombels fråvær frå arbeidet skal trekkjast ifrå, medan overtid og anna ekstraarbeid skal reknast med. Arbeidstida for menn i alderen 60-66 er høgare enn for kvinner same kva alder.

4.1.2. Deltid

Eldre arbeider meir deltid enn gjennomsnittet. Om lag 30 prosent av dei sysselsette i alderen 55-74 år arbeidde deltid jamført med 24 prosent av dei sysselsette i alderen 25-74 år, i følgje AKU 2004.


Dei eldre arbeidar særleg kort deltid (1-19 timar), sjå tabell 4.1. Ein av tre sysselsette i gruppa 25-74 år som arbeider kort deltid, er i alderen 55-74 år. Delen eldre er enda høgare blant menn som arbeidar kort deltid, nær 40 prosent.

Ein kan merke seg at ein del av dei eldre deltid-arbeidande er sjølvstendig næringsdrivande, t.d. gardbrukarar.

Det er langt meir vanleg for kvinner å arbeide deltid gjennom heile livsløpet enn for menn. For menn er deltid mest utbreidd ved sida av skolegang og studium,

eller mot slutten av yrkeskarrieren. Skilnaden mellom kjønna blir difor noko mindre med auka alder. Tabell 4.2 viser at det er fyrst i 60-åra at prosenten som arbeider deltid verkeleg veks.

Figur 4.1. Faktisk arbeidstid pr. veka etter kjønn og alder. 1. kvartal 2004



Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Tabell 4.1. Sysselsette etter avtalt arbeidstid, alder og kjønn. Prosent av alle sysselsette i kvar gruppe, og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004

	I alt			Menn			Kvinner		
	25-74 år	55-74 år	Prosent	25-74 år	55-74 år	Prosent	25-74 år	55-74 år	Prosent
Sysselsette i alt	2 004	401	20	1 062	219	21	942	182	19
Heiltid	1 525	278	18	961	184	19	564	94	17
Lang deltid	279	62	22	49	15	31	230	47	20
Kort deltid	193	59	31	49	19	38	144	41	28

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Tabell 4.2. Deltidssysselsette etter alder og kjønn. Prosent av alle sysselsette i kvar gruppe. Årsgjennomsnitt. 2004

Aldersgruppe	Menn	Kvinner
30-49 år	6	38
50-59 år	8	40
60-64 år	17	49
65-66 år	33	64


Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

4.1.3. Fråvær

Helse heng blant anna saman med alder, og ein kan difor rekne med noe høgare sjukefråvær blant dei eldre sysselsette. AKU gjev tal for fråvær i ei veke, eller meir. Det er difor berre fråvær på éi veke eller meir som blir rekna med. Tabell 4.3 viser at det er noko meir fråvær for dei over 60 år på grunn av sjukdom. Både kvinner og menn i alderen 55-74 år ligg drygt 1 prosentpoeng over gjennomsnittet når det gjeld fråvær på grunn av sjukdom.

Tal frå sentral sjukefråværsstatistikk viser legemeldt sjukefråvær blant tilsette, sjå figur 4.2. Fordi det er ein registerstatistikk/totalteljing, kan vi gje meir detaljar enn i AKU. Kvinner i alderen 25-39 år lagar pukkelen i figuren. Deretter er det ein svak stigning frå 45-59 år, etterfølgd av ein sterk vekst i sjukefråværet for personar i alderen 60-65 år. Ein kan merke seg at for dei aller eldste 66-69 år er sjukefråværet svært lågt. Dei eldste som blir verande i arbeidslivet er friske. Desse folka hadde sikkert også eit lågt sjukefråvær då dei var 60-65 år sjølv om det gjennomsnittlege fråværet for heile denne aldersgruppa var høgt. Dette er eit eksempel på at eldre ikkje er ei homogen gruppe og at ein på ein del område kan finne større individuelle skilnader mellom eldre enn mellom yngre.

Figur 4.2. Tapte dagsverk på grunn av legemeldt sjukefråvær etter alder og kjønn. Prosent av avtalte dagsverk 4. kvartal 2004



Kjelde: Registerbasert sjukefråværsstatistikk, SSB.

Tabell 4.3. Sysselsette etter midlertidig fråvær, årsak til fråvær og alder. Prosent av alle sysselsette i kvar gruppe, og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004

Årsak til fraværet	25 - 74 år		55 - 74 år	
	I alt	Prosent	I alt	Prosent
Sysselsette	2 003 909	100	401 413	100
Midl. fråverande	322 947	16	65 677	16
Av dette:				
Ferie	154 643	8	33 626	8
Egen sjukdom/skade	74 643	4	20 150	5
Fødslespermisjon	40 026	2	-	-
Avspasering	38 879	2	8 425	2
Anna	15 081	1	3 021	1

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

4.2. Kvar arbeider dei?

4.2.1. Sektor

Det er vanlegare blant dei eldre sysselsette å jobbe innanfor offentleg sektor enn blant dei yngre. Til saman var 38 prosent av dei sysselsette i alderen 55-74 år innanfor offentleg sektor, ifølgje AKU 2004. Det er 6 prosentpoeng høgare enn for dei sysselsette under 55 år. I absolutte tal tilsvarar dette 152 000 over 54 år og 589 000 under som er sysselsette i offentleg sektor.

Dei eldre har høgast del sysselsette innanfor alle dei ulike delane av offentleg forvaltning. Kommunal sektor har høgast del med 20 prosent av dei eldre sysselsette, og 18 prosent av dei yngre. Deretter er 14 prosent av dei sysselsette i alderen 55-74 år innanfor statleg sektor, samanlikna med 12 prosent av dei yngre. Tilsvarande 4 og 2 prosent er sysselsette innanfor fylkeskommunal sektor.

4.2.2. Næring

Det er ein relativt høg del eldre sysselsette innanfor jordbruk og skogbruk (sjå tabell 4.4). 32 prosent av alle sysselsette menn og 27 prosent av alle kvinner i desse næringane er i alderen 55-74 år. Gjennomsnittet for alle næringar er 20 prosent for menn og 19 prosent for kvinner. Dette må sjåast i lys av at det har vore strukturendringar i primærnæringane; dei unge tek ikkje over i same grad som tidlegare. Talet på sysselsette totalt i desse næringane har blitt nærmast halvert frå 1990 til 2004.

Ein finn vidare høge delar eldre i undervisning (26 prosent) og i offentleg administrasjon og finanstenester (24 prosent). Særleg for menn er delen eldre høg i undervisning (31 prosent). Delen eldre er lågast i lufttransport (5 prosent) og hotell- og restaurantverksemd (11 prosent).

Tabell 4.4. Sysselsette etter alder, kjønn og næring. Prosent og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004

	I alt		Menn		Kvinner	
	25-74 år	Prosent 55-74 år	25-74 år	Prosent 55-74 år	25-74 år	Prosent 55-74 år
00-99 I ALT	2 003 909	20	1 062 218	21	941 690	19
01-02 JORDBRUK, SKOGBRUK	53 332	31	39 322	32	14 010	27
05 FISKE	14 713	21	13 381	20	1 332	29
10-14 BERGVERKSDRIFT, UTVINNING AV OLJE OG GASS	32 310	17	26 112	18	6 197	12
15-37 INDUSTRI	240 456	21	178 955	21	61 501	20
15-16 Mat, nytingsmiddel	42 483	20	25 097	19	17 386	20
17-19 Tekstil, klede og sko	5 152	24	1 760	17	3 391	27
20 Trevarer	16 237	20	13 205	23	3 032	7
21 Treforedling	7 590	21	5 892	20	1 699	26
22 Forlag, grafisk	29 355	25	17 968	25	11 386	24
23-25 Oljeraffinering, kjemisk produksjon	21 095	17	16 332	20	4 763	9
26 Mineralprodukt	7 327	14	5 760	13	1 566	20
27-28 Metall og metallvarer	30 494	23	25 230	23	5 264	23
29 Maskiner o.l.	19 099	20	17 284	21	1 815	9
30-33 Elektro, optikk	19 400	20	15 358	20	4 042	20
34-35 Transportmiddel	31 026	20	28 013	21	3 014	12
36-37 Møblar, annan industri	11 198	25	7 054	26	4 143	22
40-41 KRAFT- OG VASSFORSYNING	15 608	24	11 987	23	3 621	28
45 BYGGJE- OG ANLEGGSVKSEMD	136 552	17	127 097	17	9 455	17
50-55 VAREHANDEL, HOTELL- OG RESTAURANTVERKSEMD	310 884	18	165 829	16	145 054	19
50 Motorkjøretøytenester	42 926	14	36 200	14	6 725	14
51 Engroshandel	92 776	20	65 417	20	27 359	18
52 Detaljhandel	129 706	20	44 715	16	84 990	22
55 Hotell, restaurant	45 476	11	19 498	8	25 979	13
60-64 TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	138 946	18	101 383	19	37 563	15
60 Landtransport mv.	53 376	20	47 973	21	5 403	12
61 Sjøtransport	19 528	23	14 675	25	4 853	18
62 Lufttransport	9 982	5	6 112	9	3 870	-
63 Tenester. tilknytte transport	24 312	17	13 592	17	10 720	16
64 Post og tele	31 748	15	19 031	12	12 717	20
65-74 FINANSIELL TENESTEYTING, EIGEDOMSDRIFT	251 157	19	154 564	20	96 593	16
65-67 Finanstenester	46 775	24	24 747	25	22 028	21
70 Eigedomsdrift	18 404	22	12 961	23	5 443	21
71-74 Forretningstenester	185 977	17	116 856	19	69 122	14
75-99 ANDRE TENESTER	809 950	21	243 587	24	566 363	20
75 Offentleg administrasjon	128 307	24	66 599	26	61 708	22
80 Undervisning	188 665	26	65 382	31	123 283	23
85 Helsetenester og personlege tenester	410 814	19	72 754	18	338 061	19
90-99 Anna tenesteyting	81 153	19	38 138	20	43 016	19
00 UOPPGITT	1 012	6	714	7	298	6

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

4.2.3. Yrke

Undervisningsyrke som krev minimum 4 års utdanning, har ein svært høg del eldre sysselsette (tabell 4.5). Dette gjeld særleg for menn, men også for kvinner, med respektive 35 og 25 prosent i alderen 55-74 år. Gjennomsnittet for alle yrke var 21 prosent for menn og 19 prosent for kvinner.

Vidare peker yrke innanfor jordbruk seg ut med 32 prosent eldre sysselsette. Det er høg prosent eldre både for kvinner og menn innanfor denne yrkesgruppa. Innanfor kontoryrke er det også relativt mange eldre. Dette gjeld særleg for kvinner med 26 prosent, noko som er 7 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet. Elles er det relativt mange eldre kvinner som er

hjelparbeiderar innanfor tenesteyting, hovudsakleg reinhald. Nær ein av tre er over 55 år.

Når ein ser på leiarar, finn ein at for menn var delen eldre over gjennomsnittet, mens den for kvinner var under gjennomsnittet. Den same tendensen gjeld for undervisningsyrke som krev 1-3 års høgskoleutdanning. Det er mange eldre blant mannlege lærarar i denne gruppa, mens delen eldre er lågare enn gjennomsnittet for kvinner. Salsyrker, som er t.d. butikkmedarbeidarar, viser motsatt tendens med færre eldre menn og fleire eldre kvinner

Utvalet kan vere lite på dette detaljeringsnivået, noko som kan føre til tilfeldige variasjonar. Yrke med under 5 000 observasjonar blir difor haldne utanfor analysen.

Tabell 4.5. Sysselsette etter alder, kjønn og yrke. Prosent og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004

	I alt		Menn		Kvinner	
	25-74 år	Prosent 55-74 år	25-74 år	Prosent 55-74 år	25-74 år	Prosent 55-74 år
I alt	2 003 909	20	1 062 218	21	941 690	19
1. Leiaryrke	160 826	23	113 808	25	47 018	17
11-Politikarar og toppleiarar i offentleg administrasjon	5 636	35	3 587	33	2 049	39
12-Leiarar i store og mellomstore bedrifter og off.	128 553	22	91 029	24	37 523	18
13-Leiarar av små bedrifter	26 637	22	19 192	27	7 446	7
2. Akademiske yrke	264 699	21	148 330	24	116 369	17
21-Realistar, sivilingeniørar	67 585	15	52 904	16	14 681	8
22-Biologiske og medisinske yrke	49 277	19	20 340	25	28 937	16
23-Undervisningsyrke (min. 4 års universitet/høgskole)	53 215	30	25 649	35	27 565	25
24-Høgare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon	25 440	22	11 657	30	13 783	16
25-Andre akademiske yrke	69 183	21	37 780	25	31 404	15
3. Høgskoleyrke	511 048	18	237 130	21	273 918	15
31-Ingeniørar, teknikarar mfl.	94 933	19	84 559	20	10 374	7
32-Yrke innanfor biologi og helsevesen	86 350	15	12 004	14	74 345	15
33-Undervisningsyrke (1-3 års høgskoleutdanning)	105 502	18	30 012	27	75 489	15
34-Lågare saksbehandlarar	224 264	19	110 555	21	113 709	17
4. KONTORYRKE	153 935	25	49 674	23	104 261	26
41-Kontoryrke	127 842	26	41 635	25	86 206	26
42-Kundeserviceyrke	26 093	21	8 039	14	18 055	25
5. Sals- og serviceyrke	393 148	19	105 678	16	287 469	20
51-Yrke innanfor pers. tenesteyting og sikringsarbeid.	274 173	18	64 484	17	209 689	19
52-Salsyrke mv.	118 974	21	41 194	15	77 780	24
6. Bønder, fiskarar o.l.	59 514	30	47 666	30	11 847	28
61-Yrke innanfor jordbruk	46 240	32	34 997	34	11 244	27
62-Yrke innanfor skogbruk	2 533	23	2 512	23	21	100
63-Yrke innanfor oppdrett av fisk o.l.	2 595	11	2 373	4	222	84
64-Yrke innanfor fiske og fangst	8 145	25	7 784	27	361	-
7. Handverkarar	215 970	16	200 606	17	15 363	12
71-Steinfag-, bygnings- og anleggsarbeiderar	83 243	18	82 441	18	802	-
72-Metal- og maskinarbeiderar, elektrikarar o.l.	95 010	14	93 097	14	1 913	-
73-Presisjonsarb., grafiske arbeid, kunsthandverkarar	12 834	21	7 665	25	5 169	15
74-Andre handverkarar og fagarbeiderar	24 883	17	17 404	18	7 480	14
8. Operatørar, sjåførar o.l.	151 460	19	128 325	19	23 135	21
81-Prosessoperatørar mv.	28 355	20	25 821	19	2 533	32
82-Maskinoperatørar	45 252	21	28 048	21	17 204	21
83-Transportarb. og operatørar av mobile maskinar	77 853	18	74 455	18	3 398	13
9. Andre yrke	93 310	23	31 001	15	62 309	27
91-Hjelpearbeiderar innanfor tenesteyting	73 318	24	16 798	14	56 520	28
92-Hjelpearbeiderar innanfor jord-, skogbruk og fiske	318	15	154	-	164	30
93-Hjelpearbeiderar innanfor bygg, anlegg, industri osv.	11 535	22	7 371	17	4 165	30
00-Uoppgått eller yrke som ikkje kan identifiserast	3 256	17	1 960	23	1 297	7
01-Militære yrke	4 883	13	4 718	11	165	81

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

4.2.4. Sjølvstendig næringsdrivande

Av dei 161 000 som i 2004 var sjølvstendig næringsdrivande var 39 000 i alderen 55-66 år og 6 000 i alderen 67-74 år, tabell 4.6. Til saman utgjorde eldre 28 prosent av dei sjølvstendige totalt.

Det er noko høgare del eldre blant menn som er sjølvstendig næringsdrivande enn kvinner. Ein av tre sjølvstendig næringsdrivande menn var i alderen 55-74 år i 2004.

Det er vanlegare å arbeide deltid for dei eldre sjølvstendige enn dei som er yngre. Ein av tre

sjølvstendige i alderen 55-74 år arbeider deltid, mot i underkant av ein av fire for dei under 55 år.

Tabell 4.6. Sjølvstendig næringsdrivande etter alder og kjønn. Årsgjennomsnitt 2004. 1 000

Alder	I alt	Deltid	Menn	Deltid	Kvinner	Deltid
I alt	161	39	118	21	43	18
16-24	4	2	2	1	1	-
25-54	112	24	70	11	32	12
55-66	39	11	30	7	9	4
67-74	6	4	5	3	1	1

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Tabell 4.7. Sjølvstendige næringsdrivande 55-74 år etter yrke. Prosent og 1 000. Årsgjennomsnitt. 2004

	Tal i 1000	Prosent
I alt	44	100
1. Leiaryrke	1	3
2. Akademiske yrke	7	15
3. Høgskoleyrke	7	16
4. Kontoryrke	1	2
5. Sals- og serviceyrke	4	9
6. Bønder, fiskarar o.l.	13	29
7. Handverkarar	7	16
8. Operatørar, sjåførar o.l.	4	8
9. Andre yrke	-	1
0 Militære yrke	-	-

Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

Hovuddelen av eldre sjølvstendig næringsdrivande finn vi innanfor jordbruk og fiske, tabell 4.7. Deretter er det akademiske yrke og høgskoleyrke, i tillegg til handverksyrke, som har høgast del sjølvstendige.

Om lag 19 prosent av dei sjølvstendig næringsdrivande i alderen 55-74 år har tilsette. Dette er 5 prosentpoeng lågare enn for sjølvstendige under 54 år.

4.3. Sysselsetjing blant eldre innvandrarar

Som innvandrar reknar vi her ein person født i utlandet av utanlandsfødde foreldre også kalla første-generasjonsinnvandrar. Statistikken gjeld berre dei som er registrert busette, det vil seie at dei ifølgje folkeregisteret ventar å opphalde seg i landet minst seks månader.

Sysselsetjingsprosenten går ned med aukande alder for alle gruppene, sjå tabell 4.8. Men det er mindre forskjell mellom dei eldre og yngre når det gjeld sysselsetjing for innvandrarane, samanlikna med befolkninga elles. Prosentdifferansen for innvandrarar i dei to eldste aldersgruppene er på 23 prosentpoeng samanlikna med 33,3 prosentpoeng for heile befolkninga.

For innvandrarar frå Norden og Vest-Europa er det ein høgare del av den eldste aldersgruppa som er sysselsette enn gjennomsnittet.

Tabell 4.8. Sysselsette første-generasjonsinnvandrarar etter alder, landbakgrunn og generasjon. Prosent og absolutte tal. 4. kvartal 2004

	Absolutte tal		Prosent av personer i alt			
	I alt	I alt	16-24 år	25-39 år	40-54 år	55-74 år
Heile befolkninga	227400	69,3	57,8	80,1	82,3	49,0
Førstegenerasjonsinnvandrarar	149296	56,6	43,1	60,8	65,1	41,7
Norden	32101	71,5	63,5	81,1	80,9	51,1
Vest-Europa elles	20782	67,5	39,5	75,5	78,7	51,1
Nye EU land i Aust-Europa	7732	64,5	52,7	69,4	73,2	45,5
Aust-Europa elles	18610	55,6	45,8	62,4	64,4	25,9
Nord-Amerika og Oseania	4158	56,4	24,9	62,4	69,2	41,1
Asia	47800	49,8	41,4	53,9	55,5	27,1
Afrika	11747	41,2	30,9	44,2	46,9	26,9
Sør- og Mellom-Amerika	6366	58,4	45,1	59,4	68,3	43,6

Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk for innvandrarar, SSB.


4.4. Eldre som aktive arbeidstakarar

To mål på om eldre arbeidstakarar er aktive på arbeidsmarknaden er om dei skiftar jobb, og om dei deltek på kurs og etterutdanning.

4.4.1. Kursdeltaking

I kor stor grad eldre arbeidstakarar blir satsa på av arbeidsgivarar og i kor stor grad dei sjølve er villige til å oppdatere seg, har vore spørsmål som er blitt tekne opp i media. Eit mål på om ein er aktiv i yrkeslivet kan vere om man får tilbod om, og deltek på kurs. Figuren under viser at ein høg del av eldre arbeidstakarar har teke kurs eller etterutdanning i 2004. Det ser ut til at utdanningsnivå betyr meir for kursdeltaking enn alder. Eldre med høg utdanning deltek hyppigare på kurs enn dei med lågare utdanning utan omsyn til alder. For personar med universitets- og høgskoleutdanning stig kursdeltakinga fram til 60 år for deretter å falle. For personar med lågare utdanning er kursdeltakinga på topp langt tidlegare, og kurven fell frå 55 år.

Figur 4.3. Sysselsette som har delteke på kurs o.l. etter utdanning og alder. Prosent. 2. kvartal 2004



Kjelde: Arbeidskraftundersøkinga, SSB.

4.4.2. Eldre og mobilitet på arbeidsmarknaden

Det er mogeleg å tenkje seg at alder og mobilitet på arbeidsmarknaden heng saman i retning av at eldre i større grad enn yngre ikkje skiftar jobb. Årsaka kan vere problem med å få ny jobb med auka alder (etterspurnaden), eller at ein ikkje ønskjer nye utfordringar mot slutten av karrierelaupet (tilbodet).

Figuren under gir oversikt over dei som var i arbeid både i november 2002 og november 2003. Kolonne fire viser dei som arbeidde i same bedrift året etter, det vil seie 2003 i dette tilfellet. Kolonne fem viser delen som arbeidde i ny bedrift, men i same føretak. Eksempel på

dette kan vere ein som skiftar jobb frå ein skule til ein annan skule, i ein kommune. Skulen vil då vere bedrifta og kommunen er føretaket. Kolonne seks syner kor stor del som arbeidde i nytt føretak. Det inneber at arbeidstakaren ikkje lenger har same arbeidsgjevar t.d. at ein har byrja i ein jobb på ein skule i ein annan kommune.

Ifølgje tala i tabellen blir mobiliteten på arbeidsmarknaden lågare med auka alder. Særleg sysselsette i alderen 25-39 år har ein relativt høg del som har skifta føretak, dvs. gått over til ein ny bedrift i et anna føretak. Vidare er ikkje skilnadene dramatisk store og det er ikkje slik at eldre sluttar å skifte jobb.

Tabell 4.9. Sysselsette 25-66 år, etter skifte av bedrift. Prosent og absolutte tal. 2002 og 2003

	2 002		2 003		2003 Prosent		
	I alt	I alt	I alt	I alt	Same bedrift	Same føretak ny bedrift	Nytt føretak
I alt	1 671 473	1 510 412	90	86	5	9	
25-39 år	706 130	627 367	89	82	5	13	
40-49 år	463 936	430 858	93	87	6	8	
50-54 år	210 524	197 066	94	89	5	6	
55-59 år	187395	173499	93	91	5	5	
60-66 år	103 488	81 622	79	92	4	4	

Kjelde: Registerbasert sysselsetjingsstatistikk, SSB.

Spørsmål om hovudsakleg verksemd AKU 1972 og 2004

I 1972 var spørsmålet om hovudsakleg verksemd som følgjer:

Til alle som ikke utførte inntektsgivende arbeid i undersøkelsesuka:

Hva gjorde De hovedsaklig i forrige uke?

- 1 Var midlertidig fraværende fra inntektsgivende arbeid
- 2 Opptatt av husarbeid hjemme
- 3 Gikk på skole, studerte
- 4 Var inne til 1. gangs militær- el. sivilarbeidstjeneste
- 5 Var arbeidsufør
- 6 Var pensjonist/sluttet i arbeid
- 7 Var uten arbeid
- 8 Opptatt med annet (spesifiser) _____

I 2004 var spørsmålet om hovudsakleg verksemd som følgjer:

Til alle som ikke var sysselsatt i undersøkelsesuka:

Betrakter du deg hovedsakelig som...

- 1 student eller skoleelev
- 2 alderspensjonist
- 3 førtidspensjonist
- 4 arbeidsufør
- 5 hjemmearbeidende
- 6 arbeidsledig
- 7 vernepliktig
- 8 annet

I tabellane 12 og 13 er kodene stilt saman på følgjande måte:

	Kode i 1972	Kode i 2004
Under utdanning	3	1
Heimearbeidande	2	5
Førtidspensjonistar og uføre	5	3 og 4
Alderspensjonistar	6	2
Andre	8 og 7	8 og 6

I 2004 ble kode 7 - *vernepliktig*, omgruppert til sysselsett. I 1972 ble kode 4 - *var inne til 1. gangs militær- el. sivilarbeidstjeneste*, rekna med som utanfor arbeidsstyrken.

I 1972 ble kode 1 - *midlertidig fraværende fra inntektsgivende arbeid*, omgruppert til sysselsett. Dei som gjennom andre spørsmål ble klassifisert som arbeidsløyse er i tabell 12 og 13 klassifisert i arbeidsstyrken, og får dermed ikkje spørsmål om hovudsakleg verksemd.

Tidligere utgitt på emneområdet

Previously issued on the subject

Statistiske analyser (SA)

- 32: Birkeland, Eva, Elin Skretting Lunde, Berit Otnes og Åsne Vigran: Eldre i Norge
- 43: Vikan, Stein Terje: Kvinner og menn i Norge 2000
- 66: Tronstad, Kristian Rose: Innvandring og innvandrere 2004
- 72: Ugreninov (red.), Elisabeth: Seniorer i Norge

Rapporter (RAPP)

- 2003/22: Lohne, Ylva og Helge Nome Næsheim: Kartlegging av bruken av deltid i arbeidslivet
- 2004/24: Hamre, Jørn Ivar: Sesongjustering av hovedseriene i AKU. Dokumentasjon av ny metode og resultater
- 2004/29: Kjeldstad, Randi og Erik H. Nymoen: Kvinner og menn i deltidsarbeid. Fordeling og forklaringer
- 2005/2: Fredriksen, Dennis, Kim Massey Heide, Erling Holmøy og Ingeborg Foldøy Solli: Makro-økonomiske virkninger av pensjonsreformer. Beregninger basert på forslag fra Pensjonskommissjonen
- 2005/15: Vaage, Odd Frank: Tid til arbeid. Arbeidstid blant ulike grupper og i ulike tidsperioder, belyst gjennom tidsbruksundersøkelsene 1971-2000
- 2005/39: Olsen, Bjørn: Flyktninger og arbeidsmarkedet 4. kvartal 2004

Samfunnsspeilet (SSP)

- 3/2003: Brunborg, Helge og Inger Texmon: Hvor mange blir vi i 2100
- 6/2003: Håland, Inger og Gunnlaug Daugstad: Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden
- 1/2004: Bø, Tor Petter: Høy yrkesdeltakelse blant kvinner i Norden
- 4/2005: Sosiale indikatorer 2005

De sist utgitte publikasjonene i serien Rapporter

Recent publications in the series Reports

- 2005/30 B.Olsen og M.Thi Van: Funksjonshemmede på arbeidsmarkedet Rapport fra tilleggsundersøkelse til Arbeidskraftundersøkelsen (AKU) 2. kvartal 2005. 2005. 55s.180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6866-4
- 2005/31 A. Snellingen Bye, G.I. Gundersen, T. Sandmo og G. Berge. Jordbruk og miljø. Resultatkontroll jordbruk 2005. 2005. 108s. 210 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6868-0
- 2005/32 L. Belsby, A. Holmøy, R. Johannessen, E. Røed Larsen, L.Sandberg, L.Solheim og D.E.inar Sommervoll: Leiemarkedsundersøkelsen 2005. 2005. 73s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6876-1
- 2005/33 T. Hægeland, L.J. Kirkebøen, O. Raaum og K.G. Salvanes: Skolebidragsindikatorer. Beregnet for avgangskarakterer fra grunnskolen for skoleårene 2002-2003 og 2003-2004. 2005. 36s. 155 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6878-8
- 2005/34 J.E. Finnvold og J. Svalund: Pasienterfaringer i allmennlegetjenesten før og etter fastlegeordningen. Del I Kronikeres erfaringer. Del II Kapasitetsforskjeller hos allmennlegene. 2005. 35s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6882-6
- 2005/35 T. Sandnes: Fordelingen av økonomiske ressurser mellom kvinner og menn. Inntekt, sysselsetting og tidsbruk. 2005. 42s. 155 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6888-5
- 2005/36 T. Hægeland, L.J. Kirkebøen, O. Raaum og K.G. Salvanes: Skolebidragsindikatorer for Oslo-skoler. Beregnet for avgangskarakterer fra grunnskolen for skoleårene 2002-2003 og 2003-2004. 2005. 46s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6898-2
- 2005/37 B. Halvorsen, B.M. Larsen og R. Nesbakken: Norske husholdningers energiforbruk til stasjonære formål 1960 - 2003. En diskusjon basert på noen analyser i Statistisk sentralbyrå. 55s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6902
- 2005/38 I. Texmoen og N.M. Stølen: Arbeidsmarkedet for helse- og sosialpersonell fram mot år 2025. Dokumentasjon av beregninger med HELSEMOD 2005. 2005. 43s.155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6903-2
- 2005/39 B. Olsen: Flyktninger og arbeidsmarkedet 4. kvartal 2004. 2005. 32s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6905-9
- 2005/40 B.M. Larsen og R. Nesbakken: Temperatur-korrigert formålsfordeling av husholdningenes elektrisitetsforbruk i 1990 og 2001. 2005. 29s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6907-5
- 2005/41 A.C. Bøeng: Energibruk i husholdninger 1930-2004 og forbruk etter husholdningstype. 2005. 54s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6911-3
- 2006/1 I. Johansen: Konsumprisindeks for Svalbard 2005. 2006. 36s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6914-8
- 2006/2 T.H. Cristensen, E. Eide og A. Thomassen: Konsumprisindeks for Svalbard 2005. 2006. 43s. 155 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6914-8
- 2006/3 M.I. Kirkeberg, J. Epland og A. Andersen: Økonomi og levekår for ulike grupper, 2005. 2006. 103s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6922-9
- 2006/4 C. Berge, H. Næsheim og B. Østvedt: Sysselsatte og registrerte arbeidsledige på korttidsopphold i Norge. 2006. 54s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6934-5
- 2006/5 J.I. Hamre og M. Bråthen: Evaluering av ordinære arbeidsmarkedstiltak påbegynt 4. kvartal 2003. Dokumentasjon og analyse av effekter november 2004. 2006. 61s. 180 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6926-1
- 2006/6 P.R. Johansen og J-A. Jørgensen: Virkningsberegninger på KVARTS. 2006. 60s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6937-7
- 2006/7 F. Foyn og K.A. Kjesbu: Brukernes vurdering av SkatteFUNN-ordningen. Delrapport i evalueringen av SkatteFUNN-ordningen. 2006. 62s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6938-5